

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vår dato: 09.07.2019

Vår ref.: 201906705-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 17.06.2019

Dykkar ref.: 19/1176 - John Fredrik Wallace

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

22959527/toot@nve.no

NVE sitt innspel til planprogram og silingsrapport - Kommunedelplan for Sambandet Vest - Meland kommune

Vi syner til brev datert 17.06.2019. Saka gjeld høyring av planprogram og silingsrapport for kommunedelplan Sambandet Vest. Det går ikkje fram av oversendinga, men vi reknar med at dette og er eit varsel om oppstart av arbeid med kommunedelplanen, jf. plan- og bygningslova § 11-12. Føremålet med planarbeidet er å velje trasé for nytt vegsamband frå Askøy, via Meland til Radøy.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Generelle råd

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) syner oppdatert informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg innanfor det aktuelle planområdet.
- [NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.

Fleire nyttige rettleiarar og verktøy finnast på www.nve.no/arealplan.

NVE må vurdere inngrep i vassdrag etter vassressurslova

Generelt oppmodar NVE om at ein vel traséar som i minst mogleg grad medfører inngrep i vassdrag. Dersom planen medfører slike inngrep må NVE vurdere tiltaka etter vassressurslova i samband med

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord

Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

planhandsaminga. For å få til ei koordinert handsaming er det viktig at planen gir ei god skildring av inngrepa og at de har vurdert konsekvensane for ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gong, ålmenne ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Planen må ta omsyn til verneverdiane i Rylandselva

Rylandselva på Holsnøy er verna mot kraftutbygging. Vernegrunnlaget er eit kystnært vassdrag på øy i Hordaland. Vassdraget sitt velutvikla innsjøsystem er sentrale deler av eit lågtliggende og relativt flatt landskap. Botanikk, landfauna og vassfauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Store kulturminneverdiar. Storavatnet har fått nasjonal-regional verneverdi knytt til biologisk mangfald. Særeigne myrområde pregar vassdraget, og kystfuruskog dominerer skogsområda. Denne naturtypen, som i stor grad er borte i andre kystvassdrag, vert karakterisert som spesiell, ikkje minst på grunn av at den ligg så langt vest

Fleire traséar kjem i kontakt med vassdraget. I planarbeidet må de legge Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag til grunn. Retningslinjene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekkar, sjøar og tjern, og eit område på inntil 100 m breidd på sidene av desse.

NVE vil legge vekt på at vegutbygginga ikkje skal redusere verneverdiane knytt til vassdraget. Vi vil rå dykk til å synleggjere i planprogrammet at konsekvensar for verneverdiane må vere eit viktig vurderingstema i konsekvensutgreiinga.

Ta omsyn til høgspenteleidningar

I planområdet er det høgspenteleidningar som er ein del av regionalnettet. Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som treng konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL. Slike større høgspenningslinjer og transformatorstasjonar må de sette av som omsynssoner (PBL § 11-8 d/kode H740) i plankartet.

Med helsing

Siss-May Edvarsen
fung. regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND